

4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriteria er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriteria samanlikna med den informasjonen som er samla om temaet. Dette vert gjort gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokumenta som skulen har lagt fram.

Kriteria i denne rapporten er utforma av vurderarane, og godkjende av skulen.



ELEVVRDERING

Kriterium

Teikn på god kvalitet

Vurderinga stimulerer til utvikling og læring

- vurderinga motiverer eleven
- eleven er aktiv og tek medansvar i vurderingsprosessen
- vurderinga gjev tilbakemelding om framgang
- elevarbeidet vert vurdert
- elevane får gjennom vurderinga vita korleis dei skal nå læringsmåla
- elevar, lærarar og dei føresette veit kva som skal vurderast
- elevar og foreldre kjenner læringsmåla
- eleven får, når det er naturleg, vere med på å bestemme kva som skal vurderast
- eleven kan vurdere eige og andre elevar sitt arbeid
- elevane kan formulere egne mål
- vurderinga er tilpassa, med fokus på eleven sine sterke sider
- eleven er bevisst på egne læringsprosessar, og gjer bevisste val

Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt

- eleven får skriftleg tilbakemelding på arbeidet sitt
- eleven får munnleg tilbakemelding på arbeidet sitt
- det vert gjennomført elevsamtalar/ fagsamtalar og utviklingssamtalar
- eleven får rettleiing og vurdering undervegs slik at han vert medviten om kva han kan

	<p>forbetra</p> <ul style="list-style-type: none"> - vurderinga skaper dialog mellom skule og heim
Elevane er aktive i læringsprosessen	<ul style="list-style-type: none"> - vurderinga vert brukt for å dokumentere kompetanse - vurderinga vert brukt til å gje informasjon og for å fremje kontakt mellom skule og heim - vurdering vert brukt for å legge til rette for tilpassa opplæring - vurderinga fremjar eleven si evne til å gjere bevisste val - eleven er bevisst på eigne læringsprosessar
Skulen har felles rutinar/system for vurdering	<ul style="list-style-type: none"> - skulen har system og rutinar for dokumentasjon og arkivering for elevvurdering - skulen informerer elevane og deira føresette om vurderingspraksisen ved skulen - elevar og foreldre er med på evaluering av vurderingspraksisen - vurderinga vert brukt for å dokumentere kompetanse - skulen har system for kartlegging og oppfølging av resultat
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none"> - lærarane drøftar ulike omgrep innanfor vurdering utan karakter, som t.d. låg - , middels- og høg kompetanse - lærarane drøftar ulike omgrep knytte til læring, slik som kunnskap, innsikt, forståing, læring og vurdering - det er lagt til rette for samarbeid - det er lagt til rette for samarbeidslæring/ metodedrøfting - skulen har fokus på tilpassa opplæring - personalet er opne for endringar - skulen vurderer jamleg verksemda si - lærarane har kompetanse i dei faga dei underviser i - leiinga gjev god informasjon - dei tilsette søkjer informasjon sjølv